

>oppdag Hordaland

FOR Å HEIDRA UTVANDRARANE SOM DROG TIL USA PÅ 1800-TALET, HAR ELDSJELER PÅ **SLETTA** GJENSKAPT EIT NYBYGGJARMILJØ PÅ DEN VESTNORSKE PRÆRIEN.

OVER LANDSBYEN i det flate landskapet vaiar to flagg i vinden, eit norsk og eit amerikansk. Her er alt eit nybyggjarsamfunn treng. Skulestove, lækjarkontor og kyrkje. Fengsel og lærarbustad. Berre saloon manglar.

Ein gong stod desse husa på dei amerikanske slettene i Nord-Dakota og Minnesota. No er dei flytta til Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta, og står som eit æresminnemerke over forfedrane som ein gong drog over Atlanteren.

96.000 menneske frå Hordaland og Sogn og Fjordane emigrerte til USA mellom 1825 og 1925. Mange såg aldri gamlelandet att. «Alle» som ættar frå indre Sletta, eller «Amerika-bygde» på folkemunne, har eit syskenborn i USA. Eit titalts gardsbruk på Sletta vart bygde opp av dollar. Banda til USA er enno sterke.

BYGNINGANE PÅ SENTERET er donerte av amerikanarar, demonterte og flytta til Sletta. Sett opp igjen av lokale krefter, som har lagt ned tallause dugnadstimar for å bygja opp museet.

Emigrantkyrkja frå prairie-settlementet Brampton i Nord-Dakota vart opphavleg bygd av norske emigrantar mellom 1908 og 1922. I 1996 vart kyrkja overrekt som gåve til Vestnorsk Utvandringssenter med komplett inventar, og vigsla av biskopen i Bjørgvin året etter.

Kyrkjekjellaren rommar utvandrarkivet med oversikt over alle nordmenn som reiste til Amerika mellom 1843 og 1918. Her er også ei samling bøker, tidsskrift, bilete og gjenstandar, som har tilhørt norske emigrantar.

Bak glas og ramme står eit gulna fotografi av Guri Endresen Rosse-land frå Hardanger.

Guri slo seg ned med mann og ungar i Willmar, Minnesota, i 1856. Dette var siouxland, men immigrantar og indianarar levde i fred fram til borgarkrigen i 1861.

Året etter tok sioux-opprøret til. Indianarane kjende seg lurte av kvite handelsmenn. Dei



neste åra vart mellom 30 og 40 nordmenn drepne i den blodige krigen, mellom desse mannen og dei to sønene til Guri. Ho og dottera gøynde seg i kjellaren og redda livet. Etterpå berga Guri fleire såra naboar og gravla dei døde. Ho fekk seinare heiderstittelen «heltinna frå Minnesota».

Kvart år kjem norskamerikanarar til arkivet på jakt etter røtene. Eileen Dolve Larson bur framleis på farmen som besteforeldra frå Voss bygde i

Nord-Dakota, og no leitar ho etter bestemora i kyrkjebøkene. Bestemora fortalde henne om blåklukkene på Voss. «Jento mi, they are big!» I 1969 reiste Eileen og mannen til Voss og fekk syn for segn. «Då såg eg dei, blåklukkene. Dei var digre! Outstanding.» I 1980 døydde den siste i familien som snakka norsk. Men Eileen hugsar litt: «Jøssenam and amen!»

SERIE: BTMagasinet presenterer reisemål i Hordaland kvar laurdag. Presentasjonen er utdrag frå «52 opplevingar i Hordaland» av Kjersti Mjør og Helge Skodvin, Skald forlag, 2010

> Vestnorsk Utvandringssenter

■ Denne helga er det utvandringsfestival på Sletta med fagseminar og konsert. Vestnorsk Utvandringssenter opna i 1997.